

NR. 3

MARS 1987

20. ÅRG.



I tida 17-22.3 er det kyrkjelydsveke i Arna. Det er ei stormønstring i kyrkjelyden der mange er engasjerte og der ein vonar på god oppslutning om arrangementa. Programtilboda er svært varierte med konsertar der born, unge og vaksne deltek, lovsongskveld, meditasjonskveld, bibeltime, pensjonisttreff og gudstenester. Vi får og vitjing av ein tidlegare Arna-prest, sokneprest Ingvard Fykse, og programmet spenner over eit vidt register. Sjå meir om dette på side 7 i bladet.



Hausten 1986 stod Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i framgrunnen under den store innsamlingsaksjonen: Hjelp uten grenser.

Og oppslutnaden var stor: mange glade gjevarar og eit uventa stort innsamlingsbeløp på langt over 100 mill. kr. vart resultatet.

Men Kirkens Nødhjelp sitt arbeid vert ikkje avslutta ved eit slikt skippartak. Nye utfordringar ventar, og meir midlar må til for å gje hjelpa vidare, og halda arbeidet i gang.

I 20 år har no Kirkens Nødhjelp hatt innsamlinga «Brød for verda» med dei velkjente fastebøssene. Ved kyrkjelydsbaldet ligg ei slik bøsse denne gongen. Om du vil vera med å byggja vidare på det hjelpearbeidet vi fekk presentert under TV-aksjonen, kan du bruka denner bøsa og levera den inn slik det står meir om på s. 13 i bladet.

HUSK INNLEVERING AV FASTEBOSSENE

JESUS VERT FREISTA

Matt. 4. 1-11. 1. søndag i faste

Overskrifta på denne vesle andakten gjev oss litt å tenkja på. Jesus Guds Son kom til vår jord for å frelsa oss frå djevelen og det vonde. Han var rein og utan synd. Der var han ulik oss.

Men så kjem vi til dette at han vart freista av den vonde slik vi blir det. Korleis møter så Jesus freistigane?

Matt. 4. 1-4. «Sidan førte Anden Jesus ut i øydemarka, så djevelen skulle freista han. Han fasta i 40 dagar og 40 netter, og til slutt vart han svolten. Då kom freistaren til han og sa: Er du Guds Son, så sei at desse steinane skal verta til brød! Jesus svara: Mennesket lever ikkje berre av brød, men kvart ord som kjem frå Guds munn.»

Når Jesus var svolten då kom freistaren til han. Freistaren kom då det var vanskeleg å stå han imot.

Jesus vil visa oss menneske at vi er skapt med ånd, sjel og lekam. Alt i oss treng næring. Guds ord er kjelda med det levande vatn som gjev evig liv.

Så vart Jesus ført til ytste enden av tempelmuren. Djevelen sa til Han: «Er du Guds Son, så kast deg utføre! For det står skrive: Han skal gje englane sine påbod om deg og dei skal bera deg på hendene, så du ikkje støyter forten på noko stein.» Men Jesus svara: Det står skrive: Du skal ikkje setja Herren din Gud på prøve.» Matt. 4. 6-7.

Her brukar freistaren Guds ord til å freista Jesus med. Jesus var komen for å frelsa menneske. Her var eit godt høve for han å visa sin velde, for her var mykje folk som kunne sjå han. Men Jesus gjorde aldri undergjerningane for å tilfredstilla den vonde eller for å verta hyl-la av menneskemassar. Han kom for å gjera vel. Hjelpa dei hjelpelause og reisa opp dei nedbøygd. Han viste og gjennom sin gjerning på jord at ingenting var umogeleg for han.

Så tok djevelen han med seg opp på eit høgt fjell og synte han alle verdens rike og deira herlegdom og sa: Alt dette gjev eg deg om du fell ned og tilbed meg.» Då sa Jesus til han: «Bort frå meg, Satan: For det står skrive: Herren din Gud skal du tilbe og han og ingan annan skal du tena.»

Dei orda som Jesus her seier er at det er berre ein som har makta og æra i all æva. Difor er det ingen annan vi skal tilbe eller tena. Djevelen gjekk frå han, han hadde tapt.

Eg har vunne, Jesus vann!


Mørkeheims makt for honom rømde:

Krist or gravi utgang fann

og for evig døden dømde.

Open har eg himlen funne,

Jesus vann og eg har vunne!



KYRKJEMUSIKK

Arna kyrkje

Konsert

Søndag 15. mars kl. 18.00 arrangerar Hordaland Sangforbund konsert i kyrkja. Der medvirkar ulike kor frå distrikta rundt Arna og det er Fana mannskor, Dale mannskor og «Samklang» – eit blanda kor frå Samnanger. Dessutan medverkar Gul fjell trekkspelklubb og res.kap. Harald Sundsbø.

Meditasjonskveld

Onsdag 18. mars kl. 19.30 (merk tida) vert det fastegudst. i Arna kyrkje.

Det vert ikkje vanleg gudsteneste, men meir ein meditasjonskveld der vi kan få lytte til Guds ord gjennom tekstlesningar og musikk.

Res.kap. Harald Sundsbø vil halda andakt.

Musikarar frå Harmonien vil saman med Dagfinn Bøe, song: framføra to kantater av J.S. Bach, «Sehet, wir gehn hinauf Jerusalem og Ich habe ganug»: Dirigent Asbjørn Flåm. Vel møtt. Kollekt.

Musikkandakt.

Langfredag kl. 19.00 vert det musikkandakt Dagfinn Bøe, sang Asbjørn Flåm, orgel. Andakt v/Knut Sellevoid. Kollekt.

Sanct-

Johannesguttene

2. påskedag får vi på nytt besøk av dette kjente guttekoret frå Akershus Slottskirke. Det er ikring 40 gutar med sin dirigent Svein Bruun som er med, og mange vil sikkert minnast den fine konserten dei hadde for fullsett Arna kyrkje for nokre år sidan. Konserten tek til kl. 19.00.

Gunstein Draugedalen til Arna

Fredag 8. mai vert det konsert i Arna kyrkje med Gunstein Draugedalen og Åsane kyrkjes kammerkor, dirigent Jan Røshol.

Nærmare informasjon i neste nummer. Utanom dette er det også fleire arrangement i Kyrkjelydsveka med mange kyrkjemusikalske innslag.

Ytre Arna kyrkje

Kyrkjelyden syng.



Søndag 22. mars kl. 19.00. Tone Kvam Thorsen, sang Ytre Arna kyrkjekor. Akademilektor Arve Brunvoll.



Sanct Johannes-Guttene

Akershus Slottskirkes guttekor

Barneside



Vi vet hva det vil si å være sulten og tørst, for det har vi alle vært. Kroppen liksom skriker etter mat og drikke da. Men ofte føler vi at vi trenger andre ting enn mat og drikke til det som skriker i oss. Har vi ingen å leke med kan det gjøre vondt i rirne i oss. Det er godt å ha



venner som vi kan være sammen med, eller en vi kan snakke med om alle ting, en som forstår oss. Nei, vi trenger ikke bare mat og klær, hus og leker for å være glade. Jesus vet at vi trenger dette, men i tillegg vil han gi oss noe vi også trenger, noe han kaller brød fra himmelen. Jesus så en gang at Guds rike hører barna til. Så godt det er å vite at vi hører Gud til. Ord fra Jesu munn kan vi kalle brød fra himmelen.*

KROSSORD

					<i>Guttenavn bakvendt.</i> Doven	
			Tale med Gud. By	Nåtid 		Eva uten e
						Står etter hverandre
		Swimmel Alene	To like		N står mellom De to første	
			Tynn			
Renne på kjelke						

Barnekor på tur

Myking barnekor feira 10 års jubileum søndag 22. februar med ein konsert i Myking kyrkje. Blant dei spesielt inviterte var Arna kyrkjes aspirant- og barnekor.

Trygve Kleppstø ordna buss, og den vart fylt av 25 sangglade koristar.

Føret var glatt, men vi kom vel fram til Myking og øving saman med Myking koret.

Etter øvinga vanka dei bollar, saft og anna godt på bedehuset for alle i dei tre barnekora.

Konserten starta kl. 16.30. Den starta med at barnekora gjekk i prosesjon.

Lindås kyrkjekor deltok også, og innimellom sang menigheten med på salmar.

Det var møtt fram ca. 50 for å høyra på konserten.

Etter ein lang dag med mange opplevingar, nye bekjentskapar og litt vel mykje snop kom koristane vel attende til Arna.

Fin innsats av barnekora!

Barnekor gler seg til tur



Det var stor oppslutnad og ivrige loddseljarar i Ytre Arna barne- og ungdomskor, då dei hadde utlodning til inntekt for koret nyleg. Her er dei i gang med trekninga som gav eit netto resultat på ca. 7.000 kr. Noko av pengane skal dei bruka for å subsidiere turen til Molde i juni.

Ferdigmiddag for eldre også i Indre Arna

Sanitetsforeninga i Ytre Arna starta som kjent med salg av ferdigmiddagar for eldre i Ytre Arna i Kyrkjelydshuset kvar tirsdag kl. 10.00-12.00. Salget har gått fint, men naturleg nok litt vekslende i det siste med ver- og føreforhold. No har dei og oppretta fast levering for dei som bur i trygdebustadane på Flatane.

I Indre Arna er det og nyleg starta opp med salg av slike middagsporsjonar. Der er det diakonitualet i kyrkjelyden som har teke initiativet, og lageret er på kontora til Avdeling Pleie og Omsorg, Arnatveitvegen 137, Arnatveit. (Der heimesjukepleien heldt til). Kvar onsdag kl. 10.00-13.30 er utsalet ope. Der vil dei seinare få til utkøyring til dei som ikkje kan henta det sjølv kvar 14. dag. Vil ein vita meir om utkøyringa, kan ein ringja tlf. 24 12 00.

Prisen for kvar av dei djupfrosne middagsporsjonane er begge stader kr. 20,-.

Din Bibel kan bli levende



Synes du Bibelen virker tung og vanskelig. Vet du ikke hva du skal lese? Prøver du å lese «hele Bibelen», men må gi opp? Blir det helst med «de gode» versene, og lite plan og system?

Bibelleseringen kan hjelpe deg!

Bibelleseplaner med kommentar. «Nøkler» for barn, ungdom og voksne. Skriv etter brosjyre og gratis prøvehefte.

Bibelleseringen, Boks 1527 Vika, 0117 OSLO 1. Tlf. 02 - 20 16 14.

Fin misjonshelg i Arna


Eit velfyllt Indre Arna bedehus var samla til misjonsfest laurdag 28.2. Programmet var bygd opp omkring biskop Bjørn Bue sitt besøk. Han er formann i Det Norske Misjonsselskap og har tidlegare vore misjonær i Kamerun i ei årrekke. Difor kjenner han også misjonsarbeidet godt, og han gav ei fin innføring i situasjonen med blikk bakover også. I talen var han og ein del inne på tilhøva i Sør-Afrika ut frå egne opplevingar då han var utsending til innsetjinga av Desmond Tutu til erkebiskop i den angelikanske kyrkja.

Han gav uttrykk for at kristne kyrkjer har eit særleg ansvar for å peika på uretten i raseskillepolitikken, fordi det kvite mindretallsregimet også benyttar Bibelen til støtte for sitt syn. Dette må vi arbeida mot og hindra at menneske vert kalla mindreverdige ut frå kva hudfarge dei har.

Misjonsselskapet har misjonærer i Sør-Afrika i dag i teneste i kyrkjelydar og ved presteskular. Ten Sing var med og song og medlemmar av misjonsforeningar stelte til mat.

Søndag 1.3. var Arna kyrkje omlag fullsett då Bjørn Bue var med ved gudsteneste. Han utfordra kyrkjelyden sterkt til å knytta nære kontakter med dei som reiser ut som misjonærer frå kyrkjelyden, og kunne elles fortelja frå misjonsarbeidet i Kamerun der det for eit par tiår sidan var starta arbeid i eit område der det syster tungt og vanskeleg å nå fram til menneske: I dag samlast 2.500 der til gudsteneste kvar søndag og kyrkja må fyllast fleire gonger for å få plass til alle.

Likevel var det fastelavnssøndagens tekst som det vart preika over — eit møte med Jesus for den blinde ved Jeriko som gjorde han glad. Dette glade møtet med Jesus er det misjonen vil gje andre menneske del i! I offer til Misjonsselskapet kom det inn ca. 10.000 kr. tilsaman desse dagane.



Arna
Kyrkjelydsskule

OMVISNING

Konfirmantforeldre og andre interesserte innbys til samvær i kyrkjestova, Indre Arna (like ved Arna kyrkje) torsdag 2. april kl. 19.30. Det blir omvisning i Arna kyrkje.

M. Ulvesæter orienterer om kyrkjebygget med inventar, supplert med lysbilder. Det blir også bevertning og høve til ein prat.

Påskegudsteneste på Redningshytta på Gulfjellet

I mange år har det vore ei andaktsstund på redningshytta 1. påskedag kl. 13.00. Slik vil det også verta dette året. På den måten kan dei som er ute på ski også få lyda til påskeevangeliet der.

Økonomer og helsepersonell mangelvare i norsk misjon

(KPK) Økonomer og helsepersonell er mangelvare på norske misjonsmarker. Formannen i Norsk Misjonsråd, generalsekretær Egil Grandhagen, sier at situasjonen på helsesektoren nå er prekær for mange misjonsselskap. Også innen økonomi og administrasjon er det en del ubesatte stillinger. Fordi misjonsselskapene nå er engasjert i utviklingsprosjekt trengs det flere økonomer og andre med administrativ erfaring enn tidligere.

*Eg vil gje dykk
framtid og von!*

KYRKJELYDSVEKA I
ARNA

17/3 - 22/3 87



VELKOMNE TIL KYRKJELYDSVEKA

- Tysdag 17.3.kl.19.30: Lovsonskveld i Arna kyrkje. Betania ungdomskor, Frelsesarmens 1.korps og res.kap. Jan Ulvesøt.
- Onsdag 18.3.kl.19.30: Faste-gudsteneste i Arna kyrkje. Res.kap. Harald Sundsbø. Musikarar. Solist:Daqfinn Bøe.
- Torsdag 19.3.kl.19.30: Bibeltime i Arna kyrkje. Sokneprest Ingvor Fykso. Vaksdal ungdomskor. Samtale i Kyrkjestova etterpå.
- Fredag 20.3.kl.17.00: Pensjonisttreff i Arna bedehus. Laksevåg pensjonistkor og domprost Nils Monstad. Servering.
- Laurdag 21.3.kl.15.00: Konsert i Arna kyrkje ved barnekora i Arna.
- Søndag 22.3.kl.11.00: Gudsteneste i Arna kyrkje. Sokneprest Dyvind Dy.
- Kl.19.00: Visst skal vøren komme ved Arna kyrkjekor, Arna Ten Sing og musikarar.

Det vert bønne møte i Kyrkjestova ein halv time før kveldssamvera.

Kollekt på alle arrangementa.

Har du trong for skyss - ta kontakt med:

Ingrid Hope - tlf.240808, Inger Kippersund - tlf.240434 el. kyrkjekontoret - tlf.240400.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 25.01: Ina Elisabeth Ask Søråas, døypt i Birkeland krk.
08.02: Silje Skjelbreid Frantzen, Morten Reigstad.
15.02: Line Solberg Berge, Maria Renée Nilsson.
22.02: Yvonne Eriksen Flagtvædt, døypt i Fridalen krk.

Ytre Arna sokn:

- 08.02: Tage Fosse.

Ofringar i kyrkjelydane

Arna sokn

- 01.02: Bispedømmerådet kr.1208
08.02: Kyrkjelydshuset kr.1855
15.02: Bibelmisjonen kr.1656
15.02 Fellesmøte til Bibelm. kr.3383

- 22.02: Ungdomens Misjonsak. kr.1820

Ytre Arna sokn

- 07.02: Kyrkjel.arb. kr.1020
15.02: Bibelselskapet kr.1.080
15.02: Fellesmøte til Bibelaks. kr.2022



Vigde

Arna sokn:

- 31.01: Vidar Hammersland og Anne karin Lågeide.
28.02: Torstein Boge og Merethe Harkestad.

Ytre Arna sokn:

- 21.02: Magne Mikkelsen og Monica Jacobsen.



Døde

Ytre Arna sokn:

- 06.02: Monrad Schei, f. 1904.

Gåver

Ytre Arna sokneråd har fått kr. 450 til Kyrkjelydshuset og kr. 1000 til Kyrkjeleg arbeid som anonyme gåver. Ytre Arna Husmorlag har gjeve kr. 1000 til Kyrkjelydshuset. Hjarteleg takk for gåvene!

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Laila Ueland.
Forretningsfører: Biørg Hellesev.
Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebensv.39: Tlf.24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Presten har ordet



Øyvind Øy

Vi førebur framtida

Vi har fått kommunen sine prognoser for utviklinga av folketalet i vår del av Bergen. Ytre Arna og Loneområdet vil få nedgang i folketalet og i Indre Arna-området vil det verte ein del auke i folketalet. Sett under eitt, vil folketalet vere stort sett stabilt i Arna i dei næraste åra.

Det er ein fordel å bo i eit område med moderat utbygging. Arna har framleis tatt vare på mykje av dei tradisjonane som har vore i miljøet tidlegare. Samstundes må vi målmedvete arbeide med å forme miljøet med tanke på ei ny tid. Det vil kreve ein aktiv og kontinuerleg innsats for å ta vare på eit godt miljø i Arna og førebu oss på ei tid då dei gjerne vert stor tilflytting.

For det første er det viktig at nye boområde får eit miljø som fungerer. Det er avhengig både av initiativ og innstilling. Dessutan er det viktig at alle som bor her, også kan kjenne ansvar for det totale miljøet og finne sin plass i dei mange miljøskapande tiltak som er i Arna.

For det andre vil vi få ei stor gruppe eldre, som vil ha bruk for omsorg, men som også er ein ressurs i miljøet. Eit rikt miljø er avhengig av at også eldre vert inkludert på ein god måte.

For det tredje veit vi at eit levande og livskraftig miljø treng gode lokale å samlast i. Arna har fleire sli-

ke lokale som må haldast ved like og fornyast. Arna har fått ein idretts-hall, som gjev eit fint miljøtilbod. Fråhaldslaget planlegg å bygge lags-hus og Arna kyrkjelyd er snart klar til å starte bygging av kyrkjelyds-hus. I Ytre Arna drøftar dei framtida for sentrum og i Indre Arna er det mange som ynskjer eit samfunnshus. Det viser at her vert det satsa på framtida.

Arna er ein god stad å bu, og vi bør styre utviklinga slik at her vert godt å vere i framtida, også når den dagen kjem at vi får stor folkeauke i Arna.

Vi som arbeider i kyrkjelyden vil gjere vårt til at Arna kan ha eit godt og livskraftig miljø også i dagar som kjem.

Skyss til gudsteneste i Arna kyrkje

Treng du skyss til/fra gudsteneste i Arna kyrkje kan du ringa:

Lone:

Inge Myklebust, Lone tlf.24 29 05
Ingrid Hope, Espeland tlf.24 08 08
Marta Straume, Londalen tlf.24 29 10
Turid og Svein Mjelde, Lone tlf. 24 28 71

Arna:

Ella og Gunnar Kaaresen, Hølbek-ken 125 tlf.24 02 41
Bjørge og Marius Olsen, Stølsveien 57 tlf.24 03 08
Gerd Øy, Vollavegen 31B tlf.24 02 72
Agnete Frøyen, Vestliveien 27 tlf.24 05 36

Garnes:

Egil Thunes, Thunes tlf.24 29 65
Reidun Erstad, Kjellånæ 40 tlf.24 26 85
Johanna Herfindal, Thunes tlf.24 31 41

Det er Diakoniutvalet som organiserer dette tilbodet, og dei vonar at dei som treng skyss for å koma seg til kyrkje, også nyttar denne ordninga.

MØTE

Betania, Lone

- 15.3: Møte v/Samemisjonen
26.3: Nattverdmøte.
28.3: BUF, møte
v/Muhammedanermisjonen
29.3: Møte v/NLM.
3 1 . 3 -
05.4: Møteveke v/NMS. Talar Tor
Dag Kjosavik.
12.4: Møte ved Indremisjonen
16.4: Nattverdmøte
20.4: Møte v/BUF
23.4: Møte v/NLM
25.4: BUF Ungdomskveld
26.4: Eldrefest

Arna bedehus

- 15.3: kl. 19.00 Møte v/Morten
Pedersen. Indre Arna Mu-
sikklag.
20.3: kl. 17.00 Pensjonsitsamvær.
21.3: Barnekorverkstad.
24-29.3: Møteveke v/NLM
02.4: kl. 19.30 Nattverdmøte
05.4: kl. 17.00 Familiecaffi.
09.4: kl. 19.30 Medlemsmøte
12.4: kl. 19.00 Møte v/Johannes
Leikvoll.
20.4: kl. 19.00 Møte
23.4: kl. 17.00 Eldresamvær
26.4: Møte ved
bibelskuleaksjonen

Ytre Arna bedehus

- 24,25,26.
3: Møte v/Den indre
sjømannsmisjon. Talar Olaf
Ro.
28.3: Årsmøte v/Indremisjonen
04.4: Årsmøte v/Santalmissjonen
29.4: Bedehusbassar.

Haugland bedehus

- 16.4: Fest v/Indremisjonen.

Møte om besøksteneste.

Onsdag 8. april kl. 19.00 har Diakoniutvalet i Arna prestegjeld ope møte i Bedehuset, Indre Arna. Emnet er Besøksteneste og KIRSTEN SCHAEFER vil dela erfaringar og nokre tankar om diakoni med oss. Besøkarane våre er spesielt inviter- te, men vi vonar at mange andre og så vil setja av kvelden og vera med. Mat og kaffi får vi og.

Diakoniutvalet

Oppstoda naudsynt for trua?

Halvparten av det norske folk meiner det går an å være ein kristen utan å tru på Kristi oppstode. Dette syner ei religionssosiologisk gransking som Menighetsfakultetet (MF) har gjort. 22 prosent av dei spurde meiner trua på Jesu oppstode ikkje er naudsynt for å kalle seg ein kristen, mens 25 prosent til en viss grad er samde i dette. 48 prosent derimot meiner trua på oppstoda er ein føresetnad for å vere ein kristen.

Informasjonssjef Vigbjørn Matre på MF er overraska over at ein så stor del av befolkninga ikkje meiner oppstoda er naudsynt for kristen- trua. — Dette er ei stor utfordring til oss som prestar og forkynnarar. Vi må blankpussa denne sentrale sanning som er grunnlaget for heile vår tru. Utan Jesu oppstode fell heile trua og vona om eit evig liv i grus. Alle vi som trur på han, skal ein dag stå opp og få evig liv nettopp fordi Jesus sjølv døydde og stod opp igjen.

Matre meiner det er langt lettare for folk flest å oppfatte julebodskapen enn påskebodskapen. Både fordi det tankemessige er lettare å forstå og fordi det innhald som jula har, er meir framme i barnehagar og skular, i media og i samfunnet generelt enn påskebodskapen.

— Påske er ei gløymd høgtid. Som kristenfolk må vi difor løfte den fram i samfunnet igjen. Kvar generasjon må få presentert påskebodskapen, i dag kanskje med andre ord og på nye måtar enn tidlegare. Hovudsaka er at kjernen i bodskapen kjem fram slik at menneska kan gripa det.

Matre meiner at trua på Jeus oppstode som grunnlaget for kristen- trua er sterkast i de område av landet der kristne tradisjonar og kristent arbeid har eit godt fotfeste. Dette stadfester også granskinga. I Møre og Romsdal meiner heile 74

prosent at det ikkje går an å vera ein kristen utan å tru på Kristi oppstode. I Sogn og Fjordane og Rogaland er desse tala 69 og 63. Lågaset er denne prosentten i Oslo. Berre 21 prosent der meiner at det er naudsynt å tru på oppstoda for å vere ein kristen.

Asia tenkjer verdsmissjon

Nasjonale kyrkjer i Austen tenkjer verdsmissjon. I tillegg til å drive misjon i sine egne kyrkjelydar, satsar mange kyrkjer no på å nå ut med evangeliet til andre nasjonar og folkeslag.

Det er misjonssekretær Bjørn Brudeli i Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) som fortel dette etter ei to og ein halv månads reise til Austen.

— Asia vil i åra som kjem spele ei stendig større rolle i misjonsarbeidet. Om nokre år arbeider kanskje norske og asiatiske misjonærar side om side i Afrika, seier Brudeli.


Songar frå Sør Afrika

Barne og ungdomsavdelinga i Det Norske Misjonsselskap gir no ut eit notehefte med kamp- og lovsangar frå Sør Afrika. Heftet inneheld 15 songar med afrikanske rytmer, arrangert for kor, og har ei rekke musikalske råd og vink. Innleiingsorda er skrevet av biskop Desmond Tutu.

HUGS Å BETALA KONTINGENTEN

I 1986 var det 850 som betalte kontingenten for Kyrkjelydsbladet. Det var nesten 100 færre enn i 1985, då tallet på innbetalingar var 936. I tillegg til kontingenten kom det inn kr. 11.485 som gaver, og det var ein auke på litt over kr. 2.000 frå året før.

Utgiftene til trykking auka monaleg slik at resultatet vart eit driftsunderskot på ca. 8.000 kr.



Bok om Landstad

Vi har fått ny salmebok i kyrkja. Det vil ikkje seia det same som alt er nytt. Tvert imot — dei fleste gamle, kjente og kjære salmane er framleis med — slik vi kjenner dei frå før, eller med språklege endringar som gjer innhaldet lettare å skjønna.

Samstundes med at den nye salmeboka kom ut, har Verbum forlag gjeve ut ei rekkje bøker om dei «gamle» salmediktarane. Bøkene er skrivne av høgskolelektor Egil Elseth, og i denne serien er det kome ut bøker om Kingo, Brorson og Grundtvig tidlegare.


No har han og gjeve ut ei bok om M.B. Landstad. Landstad gav ut den første norske salmeboka i 1869, og sidan den tid har hans namn vore uløyseleg knytt til salmesongen i kyrkjene ikkje minst gjennom namnet på ei av dei tidlegare salmebøkene: «Landstads reviderte».

Egil Elseth gjev oss ei grei innføring i Landstads liv som salmediktar og engasjementet på andre felt. Boka er lettlest og oversiktleg og vi får eit kort innblikk i Landstad sin samtids- situasjon og bakgrunn for nokre av salmane hans. «Landstad var vel neppe klar over det selv, men to av de viktigste bøkene i forrige århundre var han mester for — «Norske Folkeviser» og «Kirkesalmebog».

Kapitteloverskiftene: Jeg løfter op til Gud min Sang, Fra Fjord og Fjære, Jeg veed mig en Søvn i Jesu Navn, viser til kjende salmar som vert omtala nærare, og dels også knytta til konkrete hendingar i Landstad sitt liv.

Egil Elseth:
Magnus Brostrup Landstad
Pilegrimen og poeten
Verbum 1986.

Årsfest i Ytre Arna kyrkjelyd



Kyrkjeringen hadde ansvaret for utlodninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Her er dei i sving under trekninga medan andre fylgjer spent med på kven som vinn.

Søndag 22. februar hadde Ytre Arna sokneråd invitert til årsfest i kyrkjelyden. Festen var i Kyrkjelydshuset om ettermiddagen med innlagt kaffipause. Det glatte føret gjorde nok sitt til at det vart noko ledig plass, men for dei som var med, var det ein fin ettermiddag.

Kyrkjekoret var med og song, og elites på programmet stod sjølvstøtt årsmelding og rekneskap frå soknerådet.

Medlemmar i soknerådet dette året har vore: Nils Kåre Olsen, formann, Eli Mohn, nestformann, Sollaug Damming, sekretær, Marta Skadal, wjohan Stein, Birgit Askeland, Gunnar Leikvoll, Ingrid Romslo, Harald Sundsbø. Vararepresentantar: Svein Molvik, Marianne Hydle, Tor Nævdal og Helga Eide.

Årsmeldinga vart lesen av sekretæren, og der fekk ein eit fint oversyn over arbeidet i soknet. I året som gjekk, handsama soknerådet 112 saker og sakene vart knytta til ulike arrangement i kyrkjelyden, dugnad og reparasjon av Kyrkjelydshuset, gudstenester og mykje anna. Det har vore god oppslutnad om arrangementa som har vorte stelt i stand både for unge og eldre. Konfirmantfesten på skulen to dagar etter konfirmasjonen

samla dei fleste av konfirmantane med foreldre. Samlingar for 50- og 60-års konfirmantar har vore svært vellykka og likeeins julefesten på Sentrum som Sanitetsforeninga og soknerådet arrangerar i lag.


I året som gjekk var det i alt 62 gudstenester med 4.516 framfmøtte. I gjennomsnitt er det 72 på kvar gudsterneste. I offer til Kyrkjelydsarbeidet kom det inn 11.807 kr. og til andre føremål kr. 57.841.

I Kyrkjelydshuset har det vore ein aktivitetssklubb med deltakarar frå 1.-3. klasse. Den har hatt god oppslutning, men periodevis har arbeidet lege nede p.g.a. leiarmangel. No synest det å gå bra.

Når det gjeld rekneskapen, viste den eit driftsoverskot på kr. 4.769 i året som gjekk. Dette er imidlertid midlar som er samla inn til ny dør i Kyrkjelydshuset, så om ein ser bort frå den ekstrainnsamlinga, har det vore brukt nokså nøyaktig like mykje som kom inn i kassen.

Ny utedør til kyrkjelydshuset er bestilt, så den vil snart vera på plass. I rekneskapet for Kyrkjelydshuset var det eit lite underskot som vart dekkja av soknerådet. Dei største utgiftene

Forts. s. 13



160 millionar

Når fasteaksjonen dette året markerer 20-års jubileum, kan Kirkens Nødhjelp visa til ein god oppslutnad om denne innsamlinga. 160 millionar er samla inn desse åra, og det er ein av grunnpillarene Kirkens Nødhjelp har i sitt innsamlingsarbeid. Men dei vil gjerne nå lenger ut, og eit svakt punkt er at av dei mange bøssene som vert levert ut, er det ein liten del som kjem inn att. Mange stader har dei difor arbeidd med å prøva å leggja tilhøva tilrette slik at fleire bøsser kjem inn med pengar.

Innlevering i Arna

Bøssene bør helst leverast innan utgangen av april. Dei ken leverast til begge prestekontora og ved alle arrangement i kyrkjene. Som tidlegare år kan dei og leverast til Sarebanken Vest og Vestlandsbanken sine filialar i Indre Arna, Ytre Arna og på Lone. Gåver kan og sendast direkte til Kirkens Nødhjelp, Underhaugsv. 15 Oslo 3 på postgiro 5201405 eller bankgiro 6046.30.09530.

der er kloakkavgift, straum, forsikring, renter og avdrag på lån – i alt kr. 33.000.

Kyrkjeringen si utlodning er eit verdfullt og nødvendig bidrag til å driva huset. I 1986 var resultatet vel 5.000 kr. I tillegg til kyrkjeringen er det mange som er med og gjev gevinstar og til desse seier vi hjarteleg takk. Ved årsskiftet var låna på huset på kr. 23.000.

Tid til ein god kaffipause vart det, og likeeins ein andakt til slutt.

Realistisk om død og evig liv

– Ingen salmedikter skriver så realistisk om døden som den danske presten Grundtvig. Han beskriver døden som noe vondt som griper inn og ødelegger. Derfor legger han ikke skjul på at han gruer seg for å dø. Men Grundtvig kjenner også trøsten, han vet at Jesus seiret over døden.

Det er sekretær i salmebokutvalget, forlagsredaktør Åge Haavik som sier dette. Han trekker fram salmen «Påskemorgen slukker sorgen» som et godt eksempel på Grundtvigs realistiske holdning til døden og hans trøst i Jesu oppstandelse.

– Allerede i det første verset basunerer han ut/ «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid: den har oss gievnet lyset og livet...» Videre slår han fast i det fjerde verset at Jesus har sonet skylden og seiret over døden: «Bøtt er brøden, død er døden...» Som enda et uttrykk for at Jesus seier gir grunnlaget for evig liv skriver han i det samme verset: «Nå ligger graven midt i gudshaven...» I og med oppstandelsen er vår grav løftet opp i paradiset, i himmelen, sier Haavik.

«Påskemorgen slukker sorgen» ble skrevet i Danmark i 1843 og kom med i Landstads Salmebok i 1869. Den er en av våre mest brukte påskesalmer, og det holdes vel knapt en gudstjeneste første påskedag uten at denne salmen blir sunget. Den lyse, lette og majestetiske melodien er laget av nordmannen Ludvig M. Lindmann.

I sitt «hjemland» Danmark har denne salmen ikke slått skikkelig igjennom. Først i 1953 ble den tatt inn i den danske salmeboken. Den samme skjebnen har den norske salmen «Stå opp min sjel i morgengry» lidd her hjemme. Den ble skrevet i Oslo i 1858 av den dansk-norske presten Wilhelm Andreas Wexels. I Danmark har salmen blitt en av hovedsalmene første påskedag. Her i landet ble den ikke tatt i bruk før den kom inn i den nye salmeboken i 1985.

Påskens Triumf:



J
E
S
U
S

L
E
V
E
R

Av: Ivar Gjerdi

Påskefeiringen er en sentral og viktig begivenhet i kirkeåret. Hver enkelt dag har sitt særpreg og spesielle innhold. Høytiden rommer alt fra langfredagens mørke til påskedagens lys. Det skifter fra den dypeste fortvilelse til et triumferende gledesutbrudd: Jesus er stått opp! Han lever!

En jublende påskesalme av Grundtvig angir grunntonen i påskens evangelium: «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid. Den har oss givet lyset og livet, lyset og livet i dagning blid.» Denne dagen sa Gud ja til hele Jesu frelsesverk inntil døden på Golgata

kors. Påskedagen er derfor langfredagens manifestasjon. Da proklamerer Gud for hele verden at Jesus virkelig er verdens frelser.

Gud viste seg altså å være den sterkeste. Ingen makt kunne stanse hans planer eller sette bom for hans vilje. Selv de bitreste fiendene av Jesus måtte tjene Guds vilje og ufrivillig medvirke til at Jesus kunne si fra korset: «Det er fullbrakt!» Og slik vil det alltid være. Ingen menneskelig makt kan sette Gud ut av spill. Derfor er Jesus den levende frelser også i dag, aktiv og virksom for at mennesker skal få oppleve troen på ham og få del i det evige liv.

Jesus sier: «Jeg er oppstandelsen og livet, den som tror på meg, skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø.» (Joh. 11.25-26)

Jesus lever, graven brast!

Han stod opp med guddomsvelde.

Trøsten står som klippen fast,

at hans død og blod skal gjelde,

Lynet blinker, jorden bever.

Graven brast, og Jesus lever!

(J.N. Brun)

Så kan vi også denne påsken få oppleve kraften av hans oppstandelse. Guds ords løfter står fast: Derfor: Velsignet god påske i Jesu navn!

**Redaksjonsnemnda
ynskjer alle lesarane
GOD PÅSKE!**

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

**Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN
VEST
AVDELING ARNA

— til bygdefolket slitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørgeres
oppsett.

**DU KAN LEIE
HENGERE
HOS OSS!**

Vi har hengere for
**Bil-båt og
varetransport**

NOROL

**ARNATVEIT
AUTO SENTER**

Tlf. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J. B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Mars 15.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Takkoffer til Institutt for sjelesorg. Søndagsskule. Soknemøte etter gudstenesta.
Arna kl. 18.00 Konsert. Dale mannskor, Fana mannskor «Samklang», Gul fjell trekkspelklubb. og res.kap Sundsbø.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag. Kyrkjekaffi.
- Mars 17.** Ytre Arna kl. 20.00 Res.kap. Sundsbø. Fastegudsteneste.
- Mars 18.** Arna kl. 19.30 Res.kap Sundsbø. Fastegudsteneset. Nattverd.
- Mars 22.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Kyrkjekaffi. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 19.00 Kyrkjelyden syng.
Trengeid kl. 11.00 Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.
- Mars 29.** Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Borna sin misjonsdag. Takkoffer til Santalmisjonen.
Ytre Arna kl. 11.00 familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Korarbeidet i kyrkjelyden.
- April 01.** Arna kl. 20.00. Sokneprest Øy. Fastegudsteneste. Nattverd.
- April 05.** Arna kl. 11.00. Fængselsprest Ragnar Tesdal. Takkoffer til Blå kors. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kristen arbeid blandt blinde.
- April 08.** Ytre Arna kl. 19.30. Sokneprest Øy. Fastegudsteneste. Nattverd.
- April 12.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Bevegelsen for livsrett og menneskeverd.
- April 16.** Skjærtorsdag.
Arna kl. 11.00 Res.kap Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.
Takvam kl. 16.30 Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
Trengeid kl. 18.00 Sokneprest Øy. Nattverd.
- April 17.** Langfredag.
Arna kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste v/Sokneprest Øy.
Ytre Arna kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste v/Res.kap. Sundsbø.
Arna kl. 19.00 Musikkandakt.
- April 19.** Påskedag.
Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/Sokneprest Øy. Takkoffer til Den Norske Sjømannsmisjon.
Ytre Arna kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.
Trengeid kl. 18.00 Høgtidsgudsteneste v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.
- April 20.** 2. Påskedag.
Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin Stiftsenter.
- April 26.** Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Res.kap. Sundsbø. Arna Kyrkjens Barne og Aspirantkor. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Arna kl. 19.00 Samtalegudsteneste for Lone.
Ytre Arna kl. 11.00 Områdesekretær Rolf Heitmann, Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.
Ytre Arna kl. 19.00 Samtalegudsteneste.
Trengeid kl. 11.00 Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- April 23.** Arna kl. 19.00 Samtalegudsteneste for Garnes.
- April 29.** Samtalegudsteneste for Indre Arna/Ådnamarka.
- Mai 01.** Ytre Arna kl. 10.00 Familiegudsteneste. v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.

Frist for innlevering av stoff til nr. 4: 1. april.